

**PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

Møte:	1-2018
Tid:	Onsdag 31. januar kl. 15:30 – 18:15
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Tom Kristian Thorsen, Øyvind Oddekalv, Jon Askeland, Per Lerøy, Jarle Skeidsvoll, Stian Herøy
Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen, Jarle Landås, Martin W. Kulild, Jo Bjarte Tømmerbakke, Ørjan Raknes Forthun, Ingebjørg Vamråk
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Lars Tveit (Evry)
Forfall:	Ingvild Hjelmtveit, Hallvard Oppedal, Reidun Halland, Jan Olav Osen

Sak 1/18	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 2/18	Godkjenning protokoll møte 3-2017 Møteprotokoll frå møte 3-2017 vart godkjent utan merknadar.
Sak 3/18	IKT Nordhordland - utviding av samarbeidet - og endring frå å vera eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27 (vedlegg) Saksvedlegg/notat: <ul style="list-style-type: none">▪ Utkast til sak kommunane▪ Vedteker – IKT Nordhordland – utkast – revidert utkast vart lagt fram i møte▪ Mandat for konseptfasen – IKT Nordhordland - utviding av samarbeidet Bakgrunn for saka: <p>Denne saka vart drøfta på Regionrådet sin tur til Gardermoen 4. og 5. januar d.å. IKT Nordhordland er i dag organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid. Osterøy kommune er vertskommunen.</p> <p>For å møta framtidige utfordringar foreslår ein å omorganisera samarbeidet etter kommunelova § 27. Denne ordninga oppfyller lov om offentlege anskaffingar sine krav til unntak for eigenregi. Eigenregi legg til grunn at deltakande kommunar har styring over organiseringa i samarbeidet. Det er ein føresetnad for å vera i samsvar med reglane for offentlege anskaffingar.</p> <p>IKT Nordhordland har kapasitet til å drifta fleire kommunar enn det ein gjer i dag. Det vil kunne gje ei endå meir rasjonell drift. Organisering av IKTNH som eit §27 selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vera ønskjeleg for kommunane i Nordhordland.</p>

På Gardermoen vart det satt ned ei arbeidsgruppe som skulle jobba med desse to spørsmåla; Ingvild Hjelmtveit, Ørjan Raknes Forthun, Ingebjørg Vamråk, Thomas Rønn Aar, Arthur Berg Reinertsen. Lars Tveit var med som sekretær og kompetansegeivar for gruppa.

Arbeidsgruppa tilrår at IKT Nordhordland vert eit § 27 selskap og at det vert satt i gong eit arbeid for å sjå på grunnlaget for ei utviding (fleire kommunar) av samarbeidet.

Skjedde i møte:

Lars Tveit innleia og orienterte om arbeidet i arbeidsgruppa og prosessen som har vore og kvifor selskapet bør bli eit § 27 selskap. Det vart også orientert om kvifor det kan vera aktuelt å vurdere om IKT Nordhordland bør utvidast til å gjelda fleire kommunar. Forslaget til vedtekter vart gjennomgått i møtet, og mindre justeringar vart gjort.

Det var ein grundig diskusjon om vegen vidare og korleis prosessen ved eventuell utviding av IKT Nordhordland til å gjelde fleire kommunar, bør vera. Regionrådet var einig om at det var viktig at denne saka vart handsama av kommunestyra så raskt som mogeleg.

Samrøystes vedtak :

Regionrådet stiller seg bak forslaget om at IKT Nordhordland vert eit § 27 selskap og at forslaget til vedtekter vert vedteke slik dei ligg føre.

Regionrådet ser det som ønskeleg at ein kjem i gong så raskt som mogeleg med å sjå på mogelegheita for å utvida det interkommunale samarbeidet med nye kommunar. Regionrådet tilrår at det vert starta opp eit arbeid med konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding i samsvar med vedlagte prosjektmandat. Det skal avklare grunnlaget for ei eventuell utviding av IKT-samarbeidet med fleire kommunar. Rapporten frå konseptfasen vil bli handsama av kommunane før det vert bestemt om det vidareførast i eit planleggingsprosjekt som skal danne grunnlaget for eit endeleg vedtak om utviding av samarbeidet.

Regionrådet tilrår at kommunane gjer følgjande likelydande vedtak:

1. IKT Nordhordland vert organisert etter kommunelova § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit sams styre. NN kommune vedtar forslaget til vedtekter (§27) for IKT Nordhordland slik dei ligg føre.
2. NN kommune er positiv til utviding av samarbeidet og vedtar oppstart av konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte mandat.

Sak 4/18

Eventuelt

Nedlegging av Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvnesøy)

Jarle Skeidsvoll orienterte om at Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) og Justisdepartementet har gjort vedtak om at Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvnesøy) vil bli lagt ned innan 1. juli 2019. Bakgrunnen for dette er at Stiftelsen Ulvnesøy, som er eigar av øya, ynskjer å selja. Justisdepartementet har, etter anbefaling frå KDI valt og ikkje akseptera tilbodet om kjøp. Det er grunngeve ut frå to forhold:

- Statsbygg ser for seg at det må oppgraderast betydeleg
- Behovet for opne soningsplasser vil ifølge prognosane vera synkende i åra som kjem

KDI er tydeleg på at avgjerda kjem til tross for at kvaliteten på arbeidet som skjer ved avdelinga held eit svært høgt nivå. Osterøy og Vaksdal kommune har protestert mot forslaget og har oppmoda sterkt om at vedtaket om nedlegging av drifta vert omgjort.

Regionrådet støttar fortsatt drift ved Bergen fengsel avd. Osterøy på Ulvnesøy og støttar kommunane Osterøy og Vaksdal sitt arbeid for å hindra at avdelinga vert lagt ned.

Samrøystes vedtak :

Regionrådet i Nordhordland er svært negativ til at Bergen fengsel avd. Osterøy på Ulvsnesøy vert lagt ned. Dette er ei fengselsavdeling med ein fysisk føresetnad som gir heilt unike forhold for drifta.

Regionrådet meiner det er sær s mange og gode argument for at det framleis bør vera drift ved Bergen fengsel avd. Osterøy på Ulvsnesøy:

1. Fengselet sine fysiske føresetnader, tilbod om utdanning, arbeid, aktivitet og samhandling mellom innsette og tilsette gjer tilbodet på Ulvsnesøy unikt. Avdelinga har sær gode resultat over lang tid – både fagleg og menneskeleg. Avdelinga kan òg vise til sær god rehabilitering.
2. Ulvsnesøy og andre mindre fengsel viser seg å gje svært gode rehabiliteringsresultat. Det vil vera eit stort tap om den skulle bli nedlagt.
3. Avdelinga representerer statlege kompetansearbeidsplassar i distriktet. Dei 40-50 tilsette kjem frå kommunane i nærleiken (Osterøy, Vaksdal, Voss, Bergen, mfl.). Ei nedlegging vil, utan tvil, føra til ei uønskt sentralisering av statlege kompetansearbeidsplassar, og det vil sær vanskeleg å erstatta desse arbeidsplassane lokalt.
4. Avdelinga i Osterøy er viktig for lokalt næringsliv gjennom kjøp av varer og tenester. Dette gjeld særskilt bygdene Bruvik i Osterøy kommune og Vaksdal i Vaksdal kommune.
5. Nedlegginga av fengselsavdelinga i Osterøy kan kanskje gje reduserte kostnader i eit kort og avgrensa perspektiv. Det er i vedtaket til Justis- og beredskapsdepartementet ikkje gjort greie for konsekvensane i eit breiare samfunnsøkonomisk og menneskeleg perspektiv. Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag handlar mellom anna om å gjera innsette betre i stand til eit lovlydig liv etter fullført straff. Det er feil å leggja ned ei avdeling som bidreg positivt til dette. Regionrådet i Nordhordland meiner at ei nedlegging av fengselsavdelinga i Osterøy vil vera ei dyr løysing på sikt.
6. Regionrådet i Nordhordland meiner at Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnesøy) slik den har blitt drevet og den unike plasseringa, har ein stor verdi i kriminalomsorga. Regionrådet meiner også at det gir feil signal om å leggja fengselsplassar i Noreg og å senda innsette til Nederland.
7. Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider no med ei konseptvalutgreiing (KVU) for det samla tilbodet i region vest. Det er naturleg at tilbodet ved Bergen fengsel avdeling Osterøy vert vurdert i samband med dette.

Regionrådet i Nordhordland vil sterkt oppmoda Justis- og beredskapsdepartementet om å gjera om vedtaket om nedlegging av drifta ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy. Drifta av denne avdelinga må vurderast i samband med konseptvalutgreiinga (KVU) som no er under arbeid i direktoratet.

Det vil vera eit stort tap om avdelinga skulle bli lagt ned.

Knarvik, 31. januar 2018



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS